



Robert A. Voldnes
Distriktsguvernør D 2305
2026 - 2027

Månadsbrev for august 2026.

Kjære rotaryanar !

Juli er over og vi er komne til august og har ein spennande haust framfor oss. Difor eit litt lenger månadsbrev denne gongen.

Eg vil starte med å gratulere Raufoss Rotaryklubb med nytt Global Grant prosjekt;

«Today we did launching of Reap Initiative (Rural Environmental and Agricultural Productivity Initiatives) project funded by Rotary International, host Raufos Rotary Club. Local host Maseno Rotary club in collaboration with Dala Rieko». «The project seeks to enhance Agricultural production while conserving the environment sustainably». Det vert spanande å fylje med på dette. Rett inn i hjartet til rotary dette !

Distriktskonferansen i Fosnavåg helga 18-20 september

Eg må nytte høvet å minne alle om rotaryårets Distriktskonferanse på Thon Hotel Fosnavåg - 19 september. Sjølv om fristen var 1 juli er det råd å hive seg på fortsatt ! **Særleg oppmodar vi klubbmedlemmar i nærområdet til å hive seg på dagpass !!**

På distriktskonferansen vil mellom andre Nobelprisvinnarane May Britt Moser og Edvard Moser dele frå sine prosjekt innanfor helse.

Vi vil få høyre om spanande prosjekt innanfor det regionale BLÅ - næringslivet som går på å tenke nytt og berekraftig, og i det - kva Rotary kan lære av det maritime og marine næringslivet på Sunnmøre.

Elles vert det mykje godt rotarystoff og årsmøte. Mellom anna får vi ein smakebit på dei nye heimesidene samt invitasjon til pilotane på RLI – Rotary Leadership Institute.

Eg gler meg til den helga og håper at mange finn vegen til vakre Fosnavåg!

For spørsmål og påmelding; Per Arne Gjerdsbakk perarne@gjerdsbakk.no

Tema i august er medlemsskap

Nytt gjerne august til å ta medlemsmøte i klubben om rekrutteringsstrategi. Tenk over kva som gjer Rotary og vår klubb attraktiv. Hugs at medlemsskapsarbeid er både rekruttering av nye - samt det å ta vare på medlemmane i klubben.

Rekruttering

Sjå etter folk med ulik alder, bakgrunn og kompetanse. Få inn nye som vil yte engasjement for lokalsamfunnet og støtte Rotary sin visjon om Service above self ! Nye medlemmar skal bli godt tekne imot og kanskje få ein fadder/mentor og på den måten raskt bli involverte i noko meningsfullt?

Behalde medlemmar

Ta vare på dei som allereie er med i klubben og skap god trivsel og fellesskap. Og vonaleg redusere fråfall ved å skape eigarskap og engasjement.

Medlemsutvikling

Er og å sjå på klubben med «nye briller»

Kvifor er det attraktivt å vere medlem hos oss?

Kva kan bli betre ?

Er vi opne, inkluderande og relevante nok?

Bør vi vurdere møtetid, programform, prosjekt og kultur ?

Har vi aldersspreiing, leiarkapasitet og kontinuitet ?

urde vi vurdert å starte nye klubbar eller andre nettverk ? Bør vi samarbeide meir med nabo-klubbar ?

Har vi som klubb spanande nok prosjekt og program ?

Har vi det kjekt i Rotary ?

Medlemsskap handlar om å byggje ein sterk, attraktiv og berekraftig klubb – der folk trivst og har lyst til å vere med.

Som Guvernør vil eg at klubbane skal tenke over kva de legg i omgrepa **ENGAGE and ADAPT** – det å engasjere og tenkje nytt !

På våre heimesider ligg «Hjelpepakken» med swot og Action Plan. Eg oppmodar alle klubbar om å bruke denne. <https://d2305.rotary.no/no/verktoykasse-medlemsverving>

Litt om statistikk. Medlemmer verda over; status; Antal medlemmer er 1,142,231 (dette representerer ei vekst på 18,954 i forhold til 1 Juli - men 2,115 færre enn same dato i fjor. Der er faktisk ei lita auke verda over kva gjeld antal klubbar !

Rotary ser nok ei auke i deler av verda der ein verkeleg ser verdien kva Rotary står for, medan i vestlege land er det førebels ein trend på nedgang. Dette kan ha mange grunnar, ikkje minst at vi har det veldig bra og har mange tilbod som vi konkurrerer med. Men desto viktigare er det at vi held fana høgt og jobbar fram gode prosjekt og program – og har det kjekt i lag!

Poliokampanjen: Eg vil og minne klubbane på å tenkje og planlegge Poliokampanjar til hausten. Kva for signalbygg vil de lyse opp? Kva slags aktivitetar skal de ha for å skaffe midlar til kampanjar ? Kva slag mediestunt ser de føre dykk i klubben ? Hugs å skaffe Dykk løyve ref. bygga !

Det vil kome meir om dette etter kvart frå TRF komiteen og poliokoordinator Henning - lindseth.he@gmail.com.

Der er elles mykje fint som blir posta på internettet (særleg facebook) frå klubbar og distrikt kring om i verda. Dette er noko frå Club of Patna Aryans (India) som eg syns passar i ein medlemsskapsmånad.

Hugs at det å ta vare på dei som allereie er med i klubben gjerast ved å skape god trivsel og fellesskap. Vonaleg klarar vi å redusere fråfall ved å skape eigarskap og engasjement.



RLI – Rotary Leadership Institute

Som nemnt i jubileet er fem av oss i distriktsleiinga no sertifisert som fasilitatorar. Vi kjem med meir informasjon om RLI framover, samt på distriktskonferansen i Fosnavåg. Men det blir første pilot i aust med oppstart i slutten av oktober (tre dags-samlingar i perioden oktober til januar). I vest ser vi føre oss å teste ut to-dagars modellen ei helg i april. Deretter vil vi sjå kva for ein modell som høver vårt distrikt best. 2 eller 3 dagars modellen. Det blir praktisert litt ulikt kring om i dag. Difor bra å prøve. Vi driv no å finn høvelege stadar å arrangere.

Ny DGN

Sidan vi skal inn i nytt rotarydistrikt i 2028 og vi har vald ny DG i Kristin Wangensteen (Ålesund Øst RK) for det året - samt har avklart med nabo distrikt om ny guvernør også året etter – blir det ikkje nominasjonsprosess for ny guvernør i haust, sånn om nokon lurte på det.

Ungdomsutveksling

Frå Elina Tomren rotaryelina@gmail.com som er ansvarleg har eg fått denne informasjonen; Rotarys ungdomsutveksling arrangerer digitalt webinar for ungdommar (og føresette 😊) som kan tenkje seg eit år på vidaregåande i eit anna land. Ho ber om at klubbane postar invitasjonen om webinar på sine facebooksider no i august. Dato; **3 september klokka 1930**

Lenke for å melde seg på webinar;

<https://2ew1lf.share-eu1.hsforms.com/2blKGtpUtQFibZFPxG2Ws6Q>

Lenke til Facebookarrangement;

<https://fb.me/e/4zq58iaoh?mibextid=wwXIfr>

Søknadsfrist for skueåret 2027/2028 er 1.november.

Avsluttande ord frå mi side !

Hugs at kvar gjest kan vere eit framtidig medlem !

Alle medlemsskap startar med ei lita samtale. Ikkje vent på at folk skal finne oss, spør – inviter inn og sjå kva som skjer !

Rotary er ikkje ein klubb med medlemmar, Rotary er medlemmer som skaper ei betre verd !

Eg vil nytte høvet til å ønske alle medlemmer ein riktig god august og til deg som klubbpresident lukke til 😊

Med engasjert rotaryhelsing

Robert Arent Voldnes
Distriktsguvernør D.2305



Epost: robert@voldnes.no